



Hafslo, 10.05.20

Informasjon om oppstart for 5. -10. kl. etter skulestenging.

Tysdag 12. mai får skulen endeleg lov til å starte oppatt for dei eldre elevane, og me gler oss til å møte elevane fysisk. Me har jobba intenst med å leggje til rette slik at elevar, føresette og tilsette skal vere trygge på at skuletilbodet er i samsvar til retningslinene frå nasjonale myndigheter. For at tilbodet skal vere forsvarleg så må me framleis tenkje dugnadsånd, difor er det viktig at vaksne og ungar held seg til punkta som er lista opp. Tre grunnpilarar for å bremse smittespreiing er: sjuke personar skal ikkje vere på skulen, god hygiene, avstand og redusert kontakt mellom personar.

Me SKAL halde oss til smittevernreglane: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/informasjon-til-føreldre/informasjon-til-føreldre-med-barn-i-skolen2/>

Når skulen no har organisert og planlagt skulestart for 5.-10. klasse så er hovudfokuset vårt god hand- og hostehygiene, godt reinhald, redusert kontakt og god avstand mellom kvarandre. Elevar og vaksne med luftvegssymptom og sjukdomskjensle skal ikkje møte opp på skulen. Dei skal halde seg heime til dei har vore symptomfri i 1 døgn. Viktig at ein melder til kontaktlærar når ein elev er sjuk. Har ein symptom som tilseier covid-19 med vondt i halsen, forkjøling, lett hoste, feber, hovudverk, muskelsmerter og magesmerter, så kontakt kommunehelsetenesta.

Materiell/utstyr som elevar har lånt med heim frå skulen (t.d. datamaskin), må ein ta med tilbake til skulen fyrste skuledag, og tørke over datamaskina med utstyrdesinfeksjon.



Pga. av smittefare er det MOBILRESTRIKSJONAR på skulen for elevar og vaksne. Evt. mobiltelefonar skal for 5.-7. kl. ligge avslegen i sekken gjennom heile skuledagen! Det same gjeld ungdomstrinnet, men dei kan ha den med seg i friminutta. MEN då må dei ta ansvar og vere klar over at mobilen kan vere ein smittekjelde.

Skulen startar kl. 8.30 og sluttar kl. 13.20/14.25, dei same tidene som før stenging. Det vert ikkje tilbod om leksehjelp.

Skulebussen går som vanleg, men **merk dykk** at no i denne perioden er det strenge retningsliner for smittevern på kollektiv transport, så me oppmodar elevane til å sykle, gå eller bli køyrd til skulen.

Når det gjeld skulen sine uteområde, så er dei stengde for utanforståande skuledagane. Det er berre elevane og tilsette på skulen og Sfo som får lov å nytte uteområda i tidsrommet kl. 8.30 – 15.30.

Klassane har faste møtepunkt, eigen sone, inne og ute kvar dag. Førrebels skal ingen foreldre inn på skulen.

Alle elevar skal møte opp på skulen kl. 8.30, og dei skal møte på tilviste plassar. Skuleklokka kjem berre til å ringje inn om morgonen. Klassane kjem til å ha friminutt på ulike tidspunkt. Elevane i ungdomsskulen parkerer syklane inntil veggane der dei har oppmøteplass. Elevane på mellomtrinnet syklar gjennom gata, ned Funkebakken og parkerer syklane ved kunstgrasbana.

Oppmøteplass om morgonen:

5. klasse	Raudebana
6. klasse	Svartebana, på nedsida av gymsalen
7. klasse	Amfiet på nedsida av vgs. og kantina.
8. klasse	Området ute mellom biblioteket og 10. Kl.rommet. Inngang glasdør i mellomgangen
9. klasse, A og B	Området ved k&h på nedsida, ved graset og vindeltrappa. Inngang gymgarderobane.
10. klasse	Ved Søppelskuret. Inngang administrasjon

Kvar klasse er ein kohort. Ute vert elevane møtt av vaksne frå skulen og kvar klasse blir «losa» inn i puljer. Når elevane kjem på skulen om morgonen blir det ikkje slik som vanleg at ein kan gå inn eller setje i gang med aktivitet. Ein må stå ute og vente, i god avstand til kvarandre med 1 meter mellom. Skuleklokka ringjer og ein voksen kjem ut og tek i mot elevane. **Dette gjer at ein ikkje bør møte tidlegare enn kl. 8.30.**

Skuledagen kjem ikkje til å vere slik de har vore vande med. Rutinane vert heilt annleis. Det vert andre tider for ut/inn, friminutt og lunsj. For å ha færrest mogeleg elevar i garderobar og ute på uteområde, så må me dele inn i soner både inne og ute. Det vert mykje vasking av hender og av utstyr ein brukar på skulen. Så ein god del av skuledagen går til å fylgje smittevernreglane. Fint om de tek ein prat med eleven heime for å forklare dei at skulen er pålagt å ha strenge rutinar for å følgje nasjonale retningsliner.

Skuledagen vil vere organisert på fylgjande måte:

- Oppmøte og henting ute på tilvist plass.
- Tilsette tek med sin klasse, gruppevis inn på skulen.
- Det vert undervisning både inne og ute, så føl planen kontaktlærarane gjev dykk.
- Alle friminutt vert ute.
- Mobilen skal liggje i sekken.
- Kvar klasse et skulematen sin der dei er når matfriminuttet startar.
- Mellomtrinnet får skulemjølk f.o.m. tysdag denne veka og ungdomstrinnet veke 21. Dei som ikkje har skulemjølk har med seg eigen drikke. Alle elevar må som vanleg ha med eiga matpakke.
- Når det gjeld skuleutstyr(læremiddel, gymutstyr, leiker osb.) så skal ein ikkje dele med kvarandre. Skal 4 stk. spele spel t.d. Ludo (laminert speleplate), så må ein vaske hender før ein startar å spele. Alle har kvar sin terning og si brikke. Når ein er ferdig med aktiviteten så er det ny handvask før ein skiftar til anna aktivitet.
- Utekle må elevane ta med seg heim kvar dag. I garderoben skal kun inneskoa liggje.

Hjarteleg velkommen til skulestart tysdag 12. mai!

Mvh Tilsette ved Hafslo barne- og ungdomsskule

